

Saksprotokoll i klagenemnda - 08.12.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Klage frå Bergen Brunsj AS over Infrastruktur og veg forvaltning utgreiing Bergensområdet sitt vedtak av 30.03.2020 , leige av offentleg areal til uteservering, Kaigaten 12, gnr. 167 bnr. 663 Bergen Brunsj AS, vert teken delvis til følgje.

Det vert gjeve løyve til leige av fortausareal ved Kaigaten 12 med 1,5 meter ut fasaden langs fv. 577

(Kaigaten.) Det vil då vere ca 3,5 meter til ferdsselssone på fortauet langs Kaigaten 12.

Løyve vert gjeve på **følgjande** vilkår:

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyremakta har fatta vedtak om jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Det betyr at fysisk avgrensing av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedtatt.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må derfor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

-All møblering skal plassast direkte på bygolvet.

-Det kan inngåast ny leigekontrakt mellom Bergen Brunsj AS og Vestland fylkeskommune om leige av offentleg areal til uteservering.